

Saksbehandlar: Ingrid Johannessen

Kommunedirektør: Yngve Folven Bergesen

Dato: 01.03.2023

Arkivsak-ID.: 22/1409

JournalpostID: 23/4208

Saksnr.	Utval	Møtedato
037/23	Formannskapet	14.03.2023

Første gangs behandling - endring av detaljregulering for Vågafossen settefisk

kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Forslag til endring av detaljregulering for Vågafossen settefisk blir lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova §12-10. Plankart og føresegner er datert 28.02.2023.

Formannskapet 14.03.2023:

Behandling:

Kommunedirekøren sitt framlegg til vedtak samråystes vedtatt med 9 stemmer.

FS- 037/23 Vedtak:

Forslag til endring av detaljregulering for Vågafossen settefisk blir lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova §12-10. Plankart og føresegner er datert 28.02.2023.

Samandrag

Planområdet er todelt. Delområde ved sjøen ligg i forlenging av Vågafossen settefiskanlegg i nordaustleg retning. Delområde ved Fv. 46 ligg i tilknyting avkøyringa frå fylkesvegen til settefiskanlegget.

Utvindinga av settefiskanlegget strekk seg mot nordaust og inn i regulert område som er sett av til friluftsføremål i Detaljregulering for Hyttebø. Utvindinga medfører sprenging av fjell for å få plass til ny bygningsmasse på ein flate nede ved sjøen.

Planområdet ved fylkesvegen regulerer avkøyringa til Vågafossen. Det er i tillegg regulert eit større område sett av til landbruksformål. Dette arealet er planlagt å vere mottak av overskotsmassane frå anlegget nede ved sjøen, og skal etter ferdigstilling settast i stand til beiteareal. Omlegging av Vågafossvegen og utfylling av massar ved denne, vil krevje omlegging av eit bekkeløp.

Saks- og faktaopplysningar

Saka gjeld:

Første gangs behandling av *endring av detaljregulering for Vågafossen settefisk*.

Formål

Føremålet med planendringa er å opna for utviding av område for akvakultur, slik at eksisterande anlegg kan utviklast vidare gjennom riving av eldre bygningsmasse, og oppføring av nye produksjonsbygninger. Planendringa inneber og utbetring av kryss ved fylkesveg 46 (Saudavegen), og planområdet er dermed delt i to delområde.

Planprosess og medverknad

Planforslaget er utarbeidd av Omega 365 Areal AS, på vegne av MOWI ASA. Det er fleire grunneigarar i området, men utvidinga er stort sett på Tomas Finnvik sin eigedom.

Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 12.05.22, og oppstart av planarbeidet vart varsla 31.05.22 direkte til grunneigarar, offentlege instansar, organisasjonar, naboar og andre interessentar. Før oppstartsvarselet vart sendt ut vart det halde eit informasjonsmøte med grunneigarar og hytteigarar i området, der desse fekk kome med innspel tidleg i prosessen. Oppstartsvarselet vart annonser i Grannar 02.06.22.

Innan innspelsfristen 24.06.22 kom det inn totalt 6 innspel, frå: Hytteforeininga «Hyttebø», NVE, Rogaland Fylkeskommune, Kystverket, Mattilsynet og Statsforvaltaren i Rogaland.


Plantype

Planforslaget blir lagt fram som ei privat detaljregulering.

Planområdet, plassering og avgrensning

Planområdet er delt i to, der begge områda ligg sør for Saudavegen (fylkesveg 46), om lag 20 minutt med bil aust for Vikedal, og 10 minutt vest for Ropeid. Området med eksisterande akvakulturanlegg ligg ved sjø ved Vindafjorden, og anlegget nyttar vatn som renn frå Vågavatnet til Vågfossen. Planområdet er delt i to, der den eine delen omfattar ei utviding på ca. 4,5 daa av eksisterande anlegg, medan den andre delen omfattar eit område for lagring av massar og utbetring av avkjørsle ved Saudavegen, på ca. 28,2 daa.

Planområdet ved eksisterande anlegg grensar til eit hyttfelt (Hyttebø) i nord, til eit småbåtanlegg i sjø i vest, til sjø i sør, og til eit friområde på Våganeset i aust. Planområdet ved Saudavegen omfattar deler av fylkesvegen i nord og vest, tilkomstvegen til hytteområdet og settefiskanlegget mot søraust, og elles mot utmark i sørvest og nord.




Figur 1. Oversiktskart som viser planområdet si plassering i regionen

Planstatus


Planområdet er omfatta av to eksisterande reguleringsplanar. Sjå kartutsnitta nedanfor.

Detaljregulering for Vågafossen settefisk (vedteken 17.04.2012) omfattar eksisterande settefiskanlegg med vegtilkomst og vassinntak. Anlegget som er bygd har ein storleik som er tett opp til rammene planen set.



Figur 2. Detaljregulering for Vågafossen settefisk

Eksisterande settefiskanlegg er planlagd utvida mot aust, og dette arealet er omfatta av *Detaljregulering for Hyttebø, del av gnr. 95 bnr. 2 (vedteken 08.06.2015)*. I nemnde plan er området sett av til friluftsføremål, samt ein tilkomstveg frå hyttefeltet ned til settefiskanlegget. Planen dekker og eit område oppe ved fylkesvegen (Saudavegen).



Figur 3. Detaljregulering for Hyttebø

Dagens situasjon

Dagens bruk


Området som er planlagt utvida ved akvakulturanlegget, er i dag nytta til ein intern veg som er bygd av Mowi, og største delen av området er sett av som friluftsområde i gjeldande reguleringsplan. Området ovanfor dagens anlegg er bygd ut med fleire hytter. Hytteeigarane opplyser at dei nyttar eit område ved sjø aust for planlagd utvidingsområde for anlegget, og at det er viktig med tilkomst til dette.

Oppå ved fylkesvegen er områda i dag nytta til beite og tilkomstveg, for både gardsbruks, hus, hytter og settefiskanlegget. Tilgrensande areal er her nytta til landbruksføremål, og hovudvegen fv. 46 grensar mot området.

Landskap


Planområda ligg i den sørlege ytterkanten av eit fjordlandskap, Skipavågområdet, som er registrert

i rapporten «Vakre landskap i Rogaland». Området består av skogkledd landskap i veksling med eit ope og harmonisk kulturlandskap. Jordbrukslandskapet ligg i eit svakt bølgande terrenget, og elles finst det furuskog med innslag av eik og annan lauvskog som går heilt ned til sjøen. Settefiskanlegget ligg på kote 3-4 ved sjø, medan hyttefeltet i bakkant ligg i eit noko flatare terrenget om lag på kote 32-52. Landskapet vidare mot nord er småkupert, før det stig bratt opp mot toppar som Skurvenuten (686 moh) og Hustoftstølen (526 moh).



Figur 4. Skipavågområdet som er registrert i «Vakre landskap i Rogaland».

Høgdeforskjellen mellom settefiskanlegget og hyttefeltet er teke opp av ei om lag 20 meter høg skjering i bakkant av produksjonsbygningane. Vegtilkomsten til anlegget følgjer det småkuperte landskapet mot nord, og avkjørsla frå fylkesvegen ligg på om lag kote 45. Områda ved fylkesvegen består av beiter, medan det aust for tilkomstvegen til anlegget er dyrka mark på deler av strekket.



Figur 5. 3D-modell av planområdet ved sjø, som viser høgdeforskjell mellom dagens settefiskanlegg og hyttefelt

Naturmangfold

Det er ikkje registrert raudlista artar i planområda i Artsdatabanken, men ved vegen ned til hytteområdet/settefiskanlegget er dei sårbare artane (VU) gulspurv, granmeis og gråmåke registrert. I sjø er det registrert ein stor førekommst av stortare (tareskog).



Figur 6. Tareskog og registrerte fuglearter. Kjelde: temakart-rogaland.no

I samband med planprosessen har Rådgivende Biologer AS gjennomført feltundersøkingar for å kartlegga naturverdiar i området, og dei har konkludert med at grøntområda innanfor planavgrensingane er utan spesielle naturverdiar, og at områda inneheld «triviell vegetasjon». Det blir likevel peika på at bekken gjennom planområdet ved omlegging må utformast slik at ålelarvar er sikra moglegheit for å vandra opp bekken. Dette inneber etablering av kulvert framfor røyr, ved kryssing under veg.

Friluftsliv/rekreasjon

Området like aust for eksisterande anlegg er sett av til friluftsføremål i gjeldande plan for Hyttebø. I følgje planskildringa blir ikkje arealet som ligg innanfor planområdet, nytta til rekreasjon og friluftsliv av hytteeigarane og ålmenta elles. Området aust for dette igjen blir derimot nytta til bading og fisking, og sjølv om terrenget er bratt kan det vera mogleg å flytta eksisterande tilkomst/sti utanom planområdet.



Figur 7. Området ved sjø som blir nytta til bading og fiske



Figur 8. Dei to bildene ovenfor viser området aust for planområdet som er nytta til fisking og bading.

Kulturminne

Det er ingen registrerte kulturminne innanfor planområda. Næraste registrerte kulturminne i Riksantikvaren sin kartbase Askeladden er eit gravfelt som ligg i tilknyting til tunet på gnr./bnr. 95/2. Dette kulturminnet er registrert og regulert i detaljplanen for Hyttebø.

Grunnforhold

Planområdet ved sjø inneholder stort sett fast fjell, og grunntilhøva er godt kartlagd i samband med utbygginga av eksisterande anlegg. Delar av planområdet ved fylkesvegen ligg innanfor NVE sitt aktseområde for steinsprang. Dette området inneholder i hovudsak bart fjell i dagen, og fleire mindre bekkar.

Trafikkforhold

Eksisterande anlegg nyttar delvis kommunal veg frå fylkesveg 46 (Saudavegen), men det har vore diskutert med kommunen at brukarar av vegen skal overta denne. Det er ikkje registrert ÅDT på tilkomstvegen frå fylkesveg, men denne blir berre nytta av hyttene i området, nokre få bustadar, av tilsette på anlegget, samt til varelevering. Mykje av transporten til og frå anlegget blir gjort via sjøvegen. Vegen går i ein skarp kurve frå fylkesvegen, noko som kan vera utfordrande for store køyretøy.

På Saudavegen er det registrert ein ÅDT på 1038, med 16% del lange køyretøy (2021). Det er registrert 3 trafikkulykker langs fv 46 i området, men ikkje i samband med avkjøyringa ned til

Vågafossen. Det er registrert ei utforkøyring i 1982, ei ulykke med traktor og bil ved avkøyringa lenger aust i 1979, og ei møteulykke lenger aust i 2014.

Teknisk infrastruktur

Det er private felles ordningar for vatn og avløp i området. Det er bora etter vatn til hyttene, og fleire hytter har felles avløpstank. Ved førre utbygging vart vassinntak og slamanlegg for fiskeproduksjonen oppgradert. Ferskvatnet blir henta frå eksisterande oppgradert vassuttak i Nedre Vågavatnet. Det ligg i tillegg ein del rør ut i sjø frå anlegget. Det blir nytta sjøvatn til varmepumpe for å halde rett temperatur i kara til fisken.

Det er god tilgang på vatn i området, og det er laga fleire sløkkevassuttak ved førre utbygging. Vidare utbygging må sjå nærmere på om det må settast inn fleire sløkkevassuttak.

Straumforsyning blir nærmere avklart med straumselskap, og det må byggast ny trafostasjon i samband med utvidinga. Ved eit anlegg som dette er ein avhengig av straum heile tida, og det er difor eige naudstraumsaggregat på anlegget. Det er også eigne transformatorkioskar i tilknyting til anlegget.


Støy/forureining

Settefiskanlegg støyar noko, men det er i byggefase det blir generert mest støy. Innbygging av kar i bygningar vil føra til mindre støy enn med dagens situasjon.

Når det gjeld forureining har Rådgivende Biologer utarbeidd ei undersøking av resipienten, samt konsekvensutgreiing av tiltak i sjø, i samband med planarbeidet. I konsekvensutgreiinga er det konkludert med at utvida anlegg ikkje fører til endringar i miljøtilstanden i fjorden.

Omsynssoner

Planområdet ved Saudavegen ligg innanfor aktsemråde for skred i bratt terreng, både for snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred.



Figur 9. Utsnitt av NVE Atlas

Konsekvensutgreiing

Det er gjort grundige vurderingar av planforslaget i høve forskrift om konsekvensutgreiing, og det er konkludert med at tiltaka ikkje fell inn under planar som skal konsekvensutgreiast. Dette gjeld både for tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast, og for planar som skal utgreiast dersom dei har vesentleg verknad for miljø og samfunn.

Hovudgrep i planforslaget


Dei to kartutsnitta nedanfor viser delområda som planendringa omfattar.



Figur 10. Plankart over dei to delområda

Planen legg opp til utviding av eksisterande settefiskanlegg på land, med tilhøyrande tilkomst og teknisk infrastruktur.

Planområdet er delt i to, der den sørlege delen omfattar eksisterande settefiskanlegg og utvidingsområde mot aust, ferdsleområde i sjø, vassinntak, køyreveg og friområde aust for anlegget. Maksimal utnyttingsgrad for arealet avsett til akvakultur er sett til 80% BYA, minimum planeringskote til kote +4.0, maks mønehøgd for bygg 24 meter over planeringshøgde (28 moh) og maks mønehøgd på 11 meter over planeringshøgde innanfor føresegnsområde #1, som ligg mot sjø.




Figur. 11 Førebels skisse til plassering av ny bygning.

Det nordlege planområdet omfattar eit område ved avkøysle frå fylkesveg 46 (Saudavegen), der tiltakshavar ønskjer å legga vegen om noko for å betra krysset. Omlegginga krev ein del massar, og desse er tenkt henta frå fjellskjeringane som er naudsynte for å utvida sjølve settefiskanlegget. Massane skal og brukast til å utbetra beiteområda ved vegen.

Samferdselsanlegg

Det er planlagd å oppgradera kryssområdet ved fylkesvegen til å vera i samsvar med krav frå vegeigar/vegmynde. Horisontal- og vertikalkurvaturen blir retta opp, og frisiktsonar blir sikra og rydda. Eksisterande krappe sving blir lagt om til eit rettare strekk, fram til den treff eksisterande veg mot sør aust. Vegen ned til anlegget vil elles ikkje endrast i høve tidlegare regulert veg, noko som betyr vegbanebreidde på 5 meter, med 0,5 meter skulder på kvar side. Ny stigning på vegen opp til fylkesveg blir maks 6%. Ny vegløsing krev omlegging av ein bekk i området, og utforming og tilrettelegging for denne er ein viktig del av planarbeidet.



Figur 12. Lengdeprofil ny tilkomst frå kryss ved fylkesveg 46 (Saudavegen)

Annan teknisk infrastruktur

Det er ikkje planar for kommunale anlegg, og eksisterande private fellesanlegg vil nyttast vidare. Eksisterande avløpstank må flyttast ved utbygginga, og denne er det knytt rekkjefølgekrav til. Det er og knytt rekkjefølgekrav til endring av plassering av slamavskiljar og utsleppsleidning til sjø frå delar av hytteområdet.

Det skal elles søkast om utvida utslepp til sjø for større produksjon, gjennom eigen utsleppssøknad. Det må og byggjast ny transformatorstasjon innanfor området, og det kan vera aktuelt å byta ut og leggja fleire leidningar i sjø, mellom anna for vatn til varmepumper.

Grøntstruktur/Friområde

Det er i plankartet sett av noko friluftsføremål nord og aust for planområdet, som ei vidareføring av føremålet frå gjeldande plan. Utvidinga av anlegget er planlagd i delar av eksisterande friluftsområde, med tilkomstveg frå hytteområdet og ned mot sjø. Friluftsføremålet aust for

akvakulturanlegget opnar for ferdslle frå hytteområdet og ned til bade- og fiskeplass i området.

Innkomne merknadar/uttale frå partar

Det kom inn 6 innspel til oppstartsmeldinga. Desse er gjengjevne og kommentert i kapittel 10 i planskildringa, sjå vedlegg.

Beredskap

Tilkomst for utrykkingskjøretøy er ikkje vurdert i ROS-analysen, men tilkomsten til anlegget blir nytta av større kjøretøy til varelevering, og vil dermed vera akseptabel for brannbil. Anlegget har tilstrekkeleg vassforsyning til brannsløkking, men det må vurderast om det er behov for fleire sløkkevassuttag.

Vurdering

Konsekvensutgreiing

Konsulenten har vurdert at tiltaket ikkje krev konsekvensutreiing i medhald av plan- og bygningslova §§ 4-1 og 4-2, og konsekvensutgreiingsforskrifta §6, 8 og 10. Kommunen sluttar seg til denne vurderinga.

Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

Det er gjennomført ROS-vurderingar, sjå kapittel 8 i planskildringa, og eige vedlegg. Følgjande åtte uønskte hendingar, med tilhøyrande vurdering av tiltak og oppfølging gjennom plan, er avdekkja; ras/skred- steinsprang, geoteknikk og terrenghformasjoner, flaum, ekstrem nedbør, trafikkulukker, transport av/ulukke med farleg gods, brann og eksplosjon og støy til omgjevnadane. Fleire avbøtande tiltak er sikra i føresegna og i plankartet, blant anna knytt til sikring av terrenghformasjoner med gjerder, rekkjefølgekrav knytt til bygging av nytt kryss ved fylkesvegen, og minimum golvhøgde på kote 4 i høve til stormflo.

Krav til handtering av støy er innarbeidd i fellesføresegna i planen, der det er sett krav til kva tid støyande anleggsarbeid kan gjennomførast, og at støyande anlegg i mest mogleg grad skal byggjast inn i bygningsmassen.

Landskap og naturmangfold

Utviding av området for akvakultur med ny bygningsmasse vil føra til ytterlegare inngrep i terrenget i planområdet. Skjeringane i bakkant av bygningsmassen vil bli høge, men nye bygningar vil dekka mykje av desse, sett frå sjø. Hyttene i området ligg vesentleg høgare enn anlegget i terrenget, og nye bygningar vil ikkje vera til hinder for utsikta frå desse. For området oppe ved fylkesvegen vil flytting av tilkomstvegen føra til endringar i terrenget, men det er sett krav om at området skal tilbakeførast til beite etter at omlegging og deponi er ferdig.

Fjernverknad og refleksjon er elles søkt dempa gjennom krav om å nytta refleksjonshemmande material på tak av nybygg, og gjennom krav til at ubygde areal skal gjevast ei tiltalande form og utsjånad.

Utbygging vil ha negative konsekvenser for biologisk mangfold. Det er gjennomført kartlegging av naturmangfold på land i arbeidet med planen, og flora og fauna i utvidingsområdet utgjer vanlege førekomstar i distriktet. Ved fylkesveg skal massedeponi revegeterast, og soleis kan eksisterande artar koma tilbake. Når det gjeld påverknad på ål i bekke er dette omtalt i notat frå naturkartlegging, og det er sikra krav om at bekken skal ligga open, og berre kan leggjast i kulvert/røyr ved kryssing av landbruksveg.

Når det gjeld påverknad i sjø er det utarbeidd ei konsekvensutgreiing for naturmangfold og naturressursar, samt ei miljøgranskning av den kjemiske og biologiske tilstanden i fjorden.

Miljøgranskninga konkluderer med at den økologiske tilstanden i fjorden er «god». I konsekvensutgreiinga er det avdekkat at utbygginga kan føra til endring i tilstanden i fjorden av eitt individuelt næringsstoff, fosfor. Dette vil truleg ikkje påverka vassførekomsten i sin heilskap, men fire av seks registrerte naturtypar kan oppleve noko negativ påverknad ved auka utslepp frå anlegget.

Utvindinga av anlegget med påfølgande auka utslepp til sjø føreset at tilstanden i vassførekomsten ikkje blir påverka negativt, og dette er dokumentert i konsekvensutgreiing og miljøgranskning som følgjer plandokumenta. Negativ påverknad på naturtypar i sjø er ikkje ønskjeleg, men konsekvensane er vurdert som akseptable, sett opp mot dei positive verknadane utvidinga av anlegget fører med seg. Inngrep i terrenget blir vurdert til å ikkje føra med seg særskilde negative konsekvensar for landskap.

Kulturminne

Det er ikkje registrert kulturminne som kan bli påverka av tiltaka i planen, og generelt krav om varsling ved funn i anleggsperioden er innarbeidd i føresegna pkt. 2.3 (jf. kulturminnelova §8 2. ledd).

Busetnad og nærmiljø

For hyttene og området rundt anlegget vil utvidinga først og fremst ha påverknad i byggeperioden, i form av støy og vibrasjoner. Hyttene ligg høgare i terrenget enn anlegget, og utsikt vil i liten grad bli påverka. Støy i byggeperioden skal avgrensast til mellom kl. 07 og 21 på arbeidsdagar, medan ein i driftsperioden skal soke å avgrensa støy ved å byggja inn støykjelder i bygningsmassen, eller støydempa kjeldene i størst mogleg grad, jf. krav i føreseggnene, pkt. 2.4.

Friluftsliv og folkehelse

Utvidinga av anlegget mot aust inneber inngrep i areal sett av til friluftsområde i gjeldande reguleringsplan, i tilknyting til hyttefeltet. Det er gjennomført synfaring i dette området med tanke på naturmangfold og friluftsområde, og det er konkludert med at området er lite nytta som friluftsområde, men Mowi sin eksisterande veg i aust blir nytta som tilkomst til sjø. Det må difor etablerast ny sti aust for utvida anlegg, og terrenget i området gjer at dette er mogleg utan store inngrep. Kommunedirektøren tilrår at det blir stilt krav til opparbeidning av sti i føreseggnene, slik at ein sikrar ei fullgod erstatning for eksisterande tilkomst frå hyttefeltet til sjø. Kravet er tatt inn i som eit rekkefølgjekrav (9.4) i føreseggnene. Areal i aust som ikkje blir ein del av utvidingsområdet for anlegget, er sett av til friluftsformål i plankartet, i tråd med gjeldande reguleringsplan.

Barn og unge

Utvidinga av anlegget vil i liten grad ha påverknad på barn og unge i området, utover konsekvensar for tilkomst til sjø og friluftsområde, som skildra over.

Universell utforming

Drifta på eit settefiskanlegg er av ein slik karakter at alle deler vanskeleg kan universelt utformast, bortsett frå kontordelen. Tilkomstvegane vil elles vanskeleg kunna universelt utformast.

Landbruk

Mykje av planområdet ved fylkesvegen er nytta til beiteområde, og i overkant av 24 daa av dette er vidareført som LNF i plankartet. Det er opna for lagring av massar på områda, men det er stilt krav om at jordmassar skal takast vare på og leggjast tilbake etter at områda er fylt ut. Føremålet med dette er å nytta massar frå utvidinga av settefiskanlegget til å betra beiteområda ved fylkesvegen, i tillegg til utbetringa av sjølve vegen. Planen har liten påverknad på landbruket i området elles.

Infrastruktur

Planforslaget vidarefører i hovudsak regulert vegsystem frå gjeldande plan, men opnar

samstundes opp for omlegging av tilkomst i krysset ved fylkesvegen. Dette synest å vera ei god løysing med tanke på trafikktryggleik og sikt i krysset, men løysinga må balanserast opp mot terrenginngrep og påverknad på bekk i området.

For settefiskanlegget legg ein til grunn den infrastrukturen som anlegget nyttar i dag, med mogleg utviding av kai og dimensjon på røyrleidningar, i tråd med gjeldande reguleringsplan og konsesjonsvedtak frå NVE. Utvidinga mot aust inneber inngrep ved eksisterande felles avløpsanlegg for hyttefeltet, og det er lagt inn rekkefølgjekrav om at avløpet må vera sikra med godkjend ny løysing før det blir gjeve igangsetjingsløyve for sprengingsarbeid i området.

Økonomiske konsekvensar

Planforslaget legg ikkje opp til ei utbygging i kommunal regi.

Samla vurdering

Det er positivt med næringsutvikling på allereie eksisterande næringsområde, og ei utviding av anlegget er med på å skapa verdi både i bygge- og driftsfasen. Lokaliseringa i allereie etablert næringsområde gir mindre inngrep knytt til vassinntak, vegsystem og terreng enn etablering i eit nytt område.

Det må takast særleg omsyn til eksisterande friluftsområde ved sjø, samt beiteområde langs fylkesvegen. Det må og takast omsyn til fritidsbustadane ved anlegget, med tanke på støypåverknad både i bygge- og driftsfasen. Gjenbruk av masser frå sprenging i samband med omlegging av tilkomst ved fylkesvegen er positivt, så lenge områda rundt blir tilbakeført til beitemark slik føreseggnene krev. Påverknad på resipienten i sjø må dokumenterast i samband med søknad om utsleppsløyve og utvida konsesjon.

Planområdet er fordelt på to delområde; Planområde ved sjø og planområde vd fylkesveg 46. Endringane i føreseggnene er skrive med raud skrift.

Kommunedirektøren sin konklusjon

Kommunedirektøren rår til at planforslaget blir lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med plankart og føresegner datert 28.02.2023.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Plan og bygningslova

Naturmangfaldlova

Vedlegg:

Plankart - Heile planområdet - 28.02.2023

Plankart - Delområde ved sjøen - 28.02.2023 (002)

Plankart - Delområde ved Fv. 46 - 28.02.2023

Føresegner 28.02.2023

Planskildring 08.02.2023

ROS - analyse 15.12.2022

ROS skjema 15.12.2022

256 Lengdeprofil ny vegtrase